

ARBEIDSPLAN 2018

VALLDAL IDRETTSLAG

Valldal Idrettslag bygg si drift og aktivitet etter visjonen
”vi kan – vi VIL”

Utifrå tilgjengelege ressursar vil Valldal Idrettslag arbeide for å legge til rette for at alle skal kunne utøve fysisk aktivitet med bakgrunn i den enkelte sine ønskjer og behov.

All aktivitet skal bygge på norsk idrett sine grunnverdiar glede, fellesskap, helse og ærlegheit. Arbeid skal vere prega av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd.

Arbeidsområder 2018

Organisasjon

Valldal IL skal ha ein organisasjon som støttar opp under aktivitet på ulike nivå i laget. Arbeidsbelastning skal i størst mogeleg grad fordelast

Tiltak 2018 -

- styremedlemmar og tillitsvalde skal ha nødvendig kunnskap for å ivareta sine funksjonar
- det skal vurderast om det grunnlag for å opprette lønna sekretærfunksjon. Det må særleg leggast vekt på økonomien i ei slik vurdering.
- Planlegg og arbeide med markering(ar) av at Valldal IL er 100 år i 2019

Anlegg-utstyr

Valldal IL skal til ei kvar tid ha anlegg og utstyr tilgjengeleg som samvarar med dei aktivitetar som laget driv. Det skal leggast vekt på vedlikehald og driftsrutiner.

Tiltak 2018 -

- arbeide vidare drifts- og vedlikehaldsplan
- lønna personale til reinhald og vedlikehald. Det skal vere avtalar og instruksar for arbeidet
- oppgradering av speakeranlegg også for kunstgrasbane
- reservearena, reserveløyper for ski/skiskyting
- gras på Valldal, ugras og nysåing
- vurdere utskifting av grusdekke på friidrettsdelen på Valldal stadion.
- Drenering og asfaltering av område inn mot baksida av klubbhuset
- Rydding og organisering av garasje på klubbhuset og garasje for trakkemaskin
- Lager i kjellar på klubbhuset og trakkemaskinloft.
- AV utstyr
- Premiesamling
- Bord/benkar ved kunstgrasbane
- Straum til kiosken
- Vurdere å skifte ut sand i sandvolleyballbane

Økonomi

Valldal IL skal ha ein sunn, god og oversiktleg økonomi. Drifta skal årleg minimum gå i balanse og laget skal totalt ha ledige midlar tilsvarande 50 % av årlege inntekter.

Det skal vere minst 320 betalande medlemmar. Alle som deltek i aktiv idrett for Valldal IL skal vere medlem i laget, andre som brukar laget sine anlegg og tilbod bør sterkt oppmodast til å teikne medlemskap.

Tiltak 2018 -

- vedtekne budsjett for kvar enkelt undergruppe og Valldal IL vere retningsgjevande for drift
- det utarbeidast halvårleg rekneskapsrapport som skal leggjast fram for styret
- arbeide vidare med bruk av Klubbadmin
- det gjennomførast fellestiltak som vil vere med å sikre økonomien i laget
 - Sommararrangement
 - Marknad
 - NM motbakkeløp 2019

Informasjon

Valldal IL skal informere om aktivitetar og arbeid både internt i laget og eksternt. Resultat skal i størst mogeleg grad publiserast.

Tiltak 2018

- oppgradere nettside
- facebooksider også for Valldal IL
- informasjon som vedkjem Valldal IL distribuerast til heile styret
- på styremøte skal det settast av tid til gjensidig informasjon
- lokal- og regionalpresse nyttast til informasjon om aktuelle saker, særleg når det gjeld aktivitet
- informasjon om arrangement og tiltak annonserast i lokalavis. Eigne flygeblad kan også brukast

Rekruttering – aktivitet

Valldal IL skal ha fokus på rekruttering av unge til aktivitet og idrett, men også ha tilbod til vaksne på ulike nivå og i ulike aktivitetar. Undergruppene har ansvar sine respektive særrettar. Det skal leggjast til rette for at medlemmar i Valldal IL kan utøve sin idrett på ulike ambisjonsnivå

Det m å leggjast vekt på kompetanse mellom leiarar og trenarar. Det er viktig å halde seg til norsk idrett sine retningslinjer, spesielt for barneidrett.

Tiltak 2018 –

- Valldal IL støttar opp under tiltak for å auke kunnskapen hos trenarar og leiarar
- Å jour oversikt over trenarar/leiarar som har fått utstedt politiattest
- idrettskule frå hausten 2018 for aldersgruppa 6-9 år

ARBEIDSPLAN 2018

VIL DISKSPORT

- Vekas Runde kvar fredag i perioden 6. april – 28. september
- Trening med instruktør, kvar måndag
- Vårslepp 5. mai, dugnad i forkant for klargjering
- Olsokdugnad 28. juli
- Jemtegård Open 11. august, dugnad i forkant for klargjering
- Klubbmesterskap 30. september

- Bane/utstyr:
 - o Baneutviding
 - o Innkjøp av bærbare korgar
 - o Finansiering med tilskot

ARBEIDSPLAN 2018

VIL - FOTBALL

Vi vil fortsette med inntektsbringande aktivitet, og vidarefører Tine Fotballskule og Grendaturnering i romjula.

Det blir ingen påske kickoff, grunna at påska kjem tidlig i år og vi har store snømengder liggande på stadion.

Grunna omlegging av miniturneringar frå Sunnmøre Fotballkrets, der dei ønsker cupar med 60-90 lag, har vi ikkje søkt om å halde dette i 2018. Vi har ikkje parkeringskapasitet rundt stadion til å ta imot opp mot 600-1000 spelarar + foreldre .

Vi vurderar ein bingo til hausten, som rundar av 2018 sesongen.

Vi har som mål og selge inn fleire reklameplassar på stadion, og fleire annonser til programbladet

ARBEIDSPLAN 2018

VIL - SKI

Hovudmål

Skape skiglede og leggje til rette for utøving av langrennssporten for personar i alle aldrar og på alle nivå.

Delmål

1. Skape gode treningsforhold for breidde og topp.
2. Flest mulig løparar i Storfjordlangrenn.
3. Halde økonomien i pluss.
4. Halde same nivået på breidde i arrangement (skikafe, skirenn, trening)
5. Løfte fram helsebringande naturopplevingar og klubbhuset som ein hyggeleg møteplass i skisesongen.

Korleis - kvar må innsatsen setjast inn for å nå delmåla og for så vidt også hovudmål

Rekrutteringsarbeid: varierte treningar på barmark og snø frå 6-årsalder, instruktørar med kompetanse, samarbeid med naboklubbane, utlån av skøyteski og rulleski, delta på Stordalssamlinga, tilby skiinstruksjon i kroppsøvfagsfaget på skulen, skape eit godt og triveleg sosialt miljø for både barn og foreldre, skiteknikkurs og smørekurs for foreldre, smørehjelp på skirenn, ha det kjekt i lag.

Lysløypa: halde fram med det gode arbeidet som trakkemaskingruppa og tilsynsgruppa for lysløypa har lagt ned.

Arrangement: halde same nivået på arrangement som tidlegare år.

Skiskyting: Arbeide vidare med trening og anlegg for skiskyting

Kva - kva konkrete tiltak må setjast i vert knytt til kva område som må ha ekstra fokus for å nå måla. Tidsperiode maks 1 år.

Kva	Kven	Når	Gjennomføring
Ski i skulen	VIL/ Valldal skule	2018	Skulen avgjer kva klassar som får tilbodet
Skiteknikk-kurs for vaksne	VIL ski	vinter	3x2 t
Smørekurs	VIL ski	årleg	2 x pr sesong
Ski til utlån 6-12 år	VIL ski	årleg	Kontinuerleg
Skiskyttarskule	treningsnemnda	Haust 2018/ etter behov	
Treningssamling	treningsnemnda	September og November årlig	Fredag-søndag
Treningsdag	treningsnemnda	nov - des	en dags samling med to treningar. Soneklubbene innviteres
Open dag skiskyting/VM	treningsnemnda	Vår 2018	
Få fleire til å delta på lokale renn	VIL ski	2018-2019	Kontinuerleg. Informere og invitere. Smørehjelp.
Innetreningar	treningsnemnda	Haust	Ein gong i veka i idrettshallen. Frå 10 år.

ARBEIDSPLAN 2018

VIL – TRIM

MÅNAD	AKTIVITET	Ansvarleg
Mars/april	<ul style="list-style-type: none">- Årsmøte i Trimgruppa og hovedlaget- I løpet av ei veke i blir det avvikla årsmøte i dei ulike undergruppene. Disse årsmøta blir kunngjort i ei fellesannonse. Leiar i VIL annonserer.- Annonser på Trimgruppa si FB side- Det nye styret konstituerer seg.- Planlegge sykkeltrimmen og trimposter. Bestille klubbhuset.	<ul style="list-style-type: none">- leiar- leiar i VIL
Mai	<ul style="list-style-type: none">- Sykkeltrim i starten av mai (ofte 1. mai). Viktig å avvikle sykkeltrimmen før Trollstigen blir åpner.- Årets trimposter må bestemmes. Sommeren 2017 hadde vi trimposter på 18 ulike turmål.- Bestemme premier for trimpostene og annonsere dette- Nye koder. (både tall og bokstaver for å skille ut fra Stikk-ut sine koder).- Informasjonsskriv og turkort på redigeres og trykkes opp. Storfjordnytt vært brukt. ny til kart og trimkort. Norddal Reknskapskontor har trykt opp kart (sponset oss)	
Juni	<ul style="list-style-type: none">- Trimpostane skal ut (innan 15. juni). Skal ligge solide bøker på trimpostane vi hadde sommaren 2017. Nye kodar må limast inn i bøkene på dei ulike postane.- Informasjonsskriv skal ut til alle husstandar i Valldal og Fjørå.- Turkorta må leggjast ut på butikkane for sal. Gjøre avtale med matbutikk(ene).- Annonsere salg av turkort	
Juli	-	
August	Tinge på treningstider i Martin Linge-huset for dame- og herretrimmen. Markedsføring.	
September	<ul style="list-style-type: none">- Fellestur/familietur??	
Oktober	-	
November		
Desember	<ul style="list-style-type: none">- lanlegge nyttårsmarsj. Bestille klubbhuset, sette på varme. Annonsering, SN, plakater, FB, legge det inn på kulturkalenderen på	

	kommunen sine sider, facebook, VIL hjemmeside og «infotvskjermer. Kiosk, Premier, fakler, fakkelbokser	
Januar	- 1. januar, nyttårsmarsj	
Februar/mars	- Planlegge og gjennomføre årsmøte	
	-	
Nyttige ting å kjenne til	<ul style="list-style-type: none"> - Leder (evt. nestleder) stiller på styremøta i hovedlaget. - Trimgruppa har fått tildelt en minnepinne (2010). Der ligger informasjonsskriv om trimpostane, turkorta, plakater osv. Legg inn det som er greitt å ta vare på. 	